



DET KONGELEGE
SAMFERDSSELSDEPARTEMENT

Statsråden

Stortingets President

Karl Johansgate 22
0026 OSLO

Dykkar ref

Vår ref

Dato

23/1442-

28. juni 2023

Svar på skriftleg spørsmål nr. 2606 frå stortingsrepresentant Frank Edvard Sve til samferdselsminister Jon-Ivar Nygård

Spørsmål

Kan samferdselsministeren legge fram ei oversikt over reell kroneverdi sett opp mot prisvekst og kva reelt vegvedlikehold Statens vegvesen har fått i praksis for budsjetta frå 2018 og til og med 2022?

Svar

Vedlikehald er avgjerande for eit robust og godt riksvegnett, slik at vegane kan brukast i mange år til. Godt vedlikehald vil også medverke til å redusere kostnadane til drift av veginfrastrukturen. Regjeringa prioriterer drift og vedlikehald av riksvegane. Slik sørger vi for å ta vare på det vi allereie har.

Representanten ber om ei oversikt over reel kroneverdi sett opp mot prisvekst. Eg tolkar det til å vere ei samanlikning av endringa i løyvinga frå år til år, og prisveksten slik han faktisk blei for åra 2018 til 2022. Tabellen under viser Statistisk sentralbyrås (SSB) kostnadsindeks for drift og vedlikehald av vegar, som blir rapportert etterskotsvis. Ved omrekning av indeksen frå eit år til neste er alle kvartala inkludert.

	<i>i prosent</i>
Frå år til år	SSBs kostnadsindeks for drift og vedlikehald av vegar
2018 → 2019	1,7
2019 → 2020	1,5
2020 → 2021	7,3
2021 → 2022	12,9

Representanten ber vidare om kva reelt vegvedlikehald Statens vegvesen har fått i praksis for budsjetta for 2018–2022. Tabellen under viser tal på km dekkelagt og dekketilstand på riksvegane for desse åra:

	2018	2019	2020	2021	2022
Del av riksvegnettet der Statens vegvesen har ansvaret, som tilfredsstillar krav til spor og jamleik for vegdekke (i pst.)	91,5	92	92	92	91
Tal på riksveg dekkelagt (i km)	940	860	752	1 149	835

Tabellen under viser gjeldande løyving (med nysalderinga) til kap. 1320, post 22 Drift og vedlikehald av riksvegar, med overslag på fordelinga for underkategoriane *drift* og *vedlikehald*. Poststrukturen på kap. 1320 *Statens vegvesen* blei endra i statsbudsjettet for 2019. Tala for 2018 viser drift og vedlikehald frå post 23 Drift og vedlikehald av riksvegar, trafikant- og køyretøytilsyn m.m., og er ikkje direkte samanliknbart med tala for 2019–2022. Tabellen viser løypande kroner.


	<i>Mill. kr</i>				
År	2018	2019	2020	2021	2022
Drift av riksvegar	3 800	3 350	3 800	4 450	5 250
Vedlikehald av riksvegar	2 650	2 750	3 600	3 700	3 200
Sum løyving til drift og vedlikehald av riksvegar	6 450	6 115	7 362	8 135	8 451

Tabellen under viser dei prosentvise endringane i avsetjingane, sett opp mot indeksen frå Statistisk sentralbyrå for å gi ein reell samanlikning, slik representanten etterspør.

Prosentvis endring frå året før	2019	2020	2021	2022
<i>Drift av riksvegar</i>	-11,8	13,4	17,1	18,0
<i>Vedlikehald av riksvegar</i>	3,8	30,9	2,8	-13,5
Sum løyving til drift og vedlikehald av riksvegar	-5,2	20,4	10,5	3,9
SSBs kostnadsindeks for drift og vedlikehald av vegar	1,7	1,5	7,3	12,9

Etter Stortinget si handsaming av Prop. 118 S (2022–2023) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2023* og Innst. 490 S (2022–2023) er løyvinga til drift og vedlikehald av riksvegar auka med om lag 1,2 mrd. kr til 10,6 mrd. kr. Dette viser at regjeringa prioriterer å ta vare på dei vegane vi har.

Med helsing



Jon-Ivar Nygård